

Uttale frå kystvegkonferansen i Vanylven den 26. august 2011 som samla 130 næringslivsleiarar, stortings, fylkes og kommunepolitikarar og andre.

1. **Kystvegen er det viktigaste tiltaket som skal til for å få til ei positiv nærings og folketalsutvikling i kystregionen frå Nordhordland til Sunnmøre.**
Kyststamvegen (E39) har blitt ein kraftig stimulans til næringsutvikling og auka busetjing sør for Bergen og nord for Ålesund. Manglande kystveg mellom Bergen og Ålesund er eit alvorleg hinder for vekst og utvikling i denne regionen. Kystvegen er heilt nødvendig for å skape robuste bu og arbeidsregionar også her
2. **Fylkeskommunane må ta eit hovudansvar for planlegging og gjennomføring av kystvegen frå Bergen til Ålesund.** Det politiske miljøet i fylka har synt stor positiv velvilje ovanfor kystvegen. Mellom anna har fylkestinget i Sogn og Fjordane, der det er mest som manglar, gjort eit prinsippvedtak om at det skal byggjast kystveg. I Hordaland er kystvegen på plass fram til fylkesgrensa. Både i Hordaland og Møre og Romsdal arbeider ein med planar for ferjefrie fjordkryssingar som vil ytterlegare effektivisere kystvegen. I Sogn og Fjordane er to parsellar under bygging og det vert arbeidd med å finansiere ytterlegare tiltak. Kystvegen kan vere ein realitet innan 2025
3. **Fylkeskommunane må bli tilført ekstra investeringsmidlar til å realisere kystvegen.** På kyststrekninga Bergen – Ålesund skal kystvegen fyll funksjonar som kyststamvegen, E39, har elles på Vestlandet. Det er difor rimeleg at staten gir ekstraordinære løyvingar til denne viktige vegen som går gjennom 3 fylke.
4. **Samferdsledepartementet vert oppmoda om å vedta to mindre justeringar av traseen for E39.** Dette vil gi eit betre samla vegsystem i regionen og større nytte av statlege investeringar.
 - a. Føre E39 over Hareid og Eiksundsambandet og såleis samle trafikken til ei fjordkryssing over Sulafjorden. (HAFAST)
 - b. Utgreie **SOGNEFAST**, dvs ferjefri kryssing av Sognefjorden via Solund som vil gi felles fjordkryssing for Kystvegen og E 39 og samstundes gi fastlandssamband for Solund kommune.
5. **Fylkeskommunane vert oppmoda om snarast å vedta felles vegnr på kystvegen Ålesund – Bergen.** Dette kostar lite, men vil vere eit positivt signal til lokalsamfunn, næringsliv og trafikkantar.

Kystregionen mellom Bergen og Ålesund representerer stor verdiskaping og eit stort potensiale for vekst og utvikling. Vi krev at stat og fylkeskommunar no går saman om å bygge ein kystveg som vil utløyse potensialet og skape ei like positiv utvikling i denne regionen slik ein har lukkast med sør for Bergen og nord for Ålesund.

Kystvegkonferansen i Vanylven den 26. august 2011.